

Vår ref.:  
20/01295-2

Vår dato:  
24.02.20

## Referat ekstra ID - møte (07.02.2020)

**Dato og møtets varigheit:** 07.02.2020 – kl. 13.00 – 14.15 (i teams)

### Til stades:

#### Arbeidsgjevar:

Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Knut Vindenes	Prosjektleiar for K2
Karl Henrik Svensson	Prosjektleiar campusutvikling
Linn Melby Meyer	Referent

#### Arbeidstakar:

Kristin Lofthus Hope	Forskarforbundet
Reidun Stavland	Norsk sykepleierforbund
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Tone Skjerdal	NTL
Kari Smørås Brakstad	Parat
Pål Albert Olsen	Akademikerne

Karin Bell: Hovudverneombod

### Sakliste:

#### Drøftingssaker:

- **Risikoanalyse ABW -K2**

Knut Vindenes innleia kort. Ønskjer tilbakemeldingar og spørsmål på rapporten som omhandlar risikoanalyse knytt til ABW i K2.

Hovudverneombod viser til excelarket med risikopunktar og rosanalyse. Ønskjer seg meir forskingsdokumentasjon og at ein ikkje skal nytte seg av ein NRK reportasje som grunnlag.

Vindenes viser til at rapporten ikkje har ambisjonar å underbygge tiltaka med forskning. Når det kjem til NRK er denne brukt då informasjon om prosjektet er omtala der.

NTL viser til at det er uheldig at innføring av ABW ikkje vart drøfta ved starten av prosjektet. Meiner det er mykje som kunne vore gjort annleis.

NTL viser til følgjande i rapporten:

- Positivt at ein legger vekt på at det er prosjektet sin versjon som er gitt i rapporten og at ein seier at ABW er omstridt.

- Risikopunkt 36 – «skype møte mellom mange personar vert vanskeleg å gjennomføre». Det gitte tiltaket her har ein dårleg erfaring med når det kjem til møtedynamikk
- Saknar risikopunkt om temperatur i lokale. Viser til forskning der kvinner produktivitet når temperaturen er høgare enn det menn ønskjer.
- Stiller spørsmål om utrekning av risikopunkta 56, 57 og 58.

Vindenes svarar at det er umogleg å komme fram til eitt omforeint bilde. Det har vore krevjande arbeid om kva som skal beskrivast og vektleggast. Det har såleis vore viktig for prosjektet å vere ærleg.

Vindenes viser til at multiromma skal nyttast ved skype/teams møte, elles kan landskapssonene nyttast. Stillesone skal ikkje nyttast til telefonsamtalar.

Vindenes svarer at temperatur i lokala er eitt viktig innspel, vil ta dette inn ny versjon av rapporten.

NSF stilte følgjande spørsmål og ønskje til rapporten:

- Utdjuping av konsekvensar av ABW for arbeidsmiljøet.
- Utdjuping av problemstillingar knytt til funksjonshemma, til dømes høyrselshemma i telefonsamtalar med PC og headset.
- Ønskje om store nok skap til bøker og papir når tilsette skal forske.

Vindenes svarar at universell utforming skal følgjast i utforminga av bygget. Dette kan beskrivast på ein meir generisk måte om korleis forhold skal ivaretakast. Ein må elles ta tilfelle for tilfelle og behandle desse individuelt, umogleg å skrive alle problemstillingane inn i rapporten.

FF kommenterte at ABW er vald utan å ha bli drøfta med organisasjonane eller i AMU. Prosessen med K2 har vore sær s omstridd. Mange som har vore med i ulike brukarutval har på ulike tidspunkt kome med alvorleg kritikk til prosessane.

FF stiller følgjande spørsmål og ønskje til rapporten:

- Side 4, punkt om stor endring i arbeidssituasjon for tilsette. Saka skulle ha blitt drøfta før eit så stort organisasjonsutviklingsprosjekt vart gjennomført. FF visert til HA.
- K2 er eitt risikoprojekt når det kjem til arbeidsmiljø og tilsette. Dette er ikkje lagt inn som risiko i rapporten og vurdert.
- Spør om fjernleiing og husreglar i nytt bygg. Kven skal handheve desse reglane?
- Ønskjer ei evaluering etter innflytting
- Korleis legge til rette for tilsette får løyst psykososiale behov eller har ulike funksjonsnedsettingar i sin arbeidssituasjon?
- Korleis kan tilsette handtere skjerma oppgåver med ABW?
- Er det gjort risikovurdering ved HVL dersom prosjektet ikkje fungerer, kva om tilsette sit heime og ikkje deltek i arbeidsmiljøet?

Vindenes svarer at det er viktig å ta stilling til og synleggjere risiko for ABW prosjekt. Prosjektet tek omsyn til at ABW er bestemt, men at dei ser til andre aktørar, for å kunne fange opp moment som gjer at prosjektet kan lukkast. Det er viktig å treffe ein balanse i rapporten.

Vindenes viser til at ein ikkje kan flytte inn i nytt bygg med det tankesettet tilsette har i dag, ein må tenke nytt kollektivt og individuelt.

Vindenes viser til at arbeid heime er risiko som er fargelagt gult, men ABW er ikkje ein grunn til å arbeide heimanfrå. Det er viktig å få til eitt godt arbeidsmiljø i K2 og det er her torga vil spille ein stor rolle. Det er viktig å få flest tilsette til å vere på campus.

UDF har følgjande innspel på risikoliste og til rapporten:

- Bra at sjukemeldingsrisiko er teke med som risiko, men tiltaket er utydeleg. Korleis skal informasjon hjelpa og kva informasjon skal gjevast av kven?

- Risikopunkt 46 «tap av tid pga. flytting av nødvendig utstyr». Tiltaket er at det skal gjerast ei vurdering. Det er ikkje eit tiltak og vil medføra at risikoen aukar pga. at vurderinga kan ta tid. Det bør lagast ein prosedyre for søknadar og godkjenning snarast.
- Risikopunkt 47 «tilsette opplever for lite skjerming». Tiltak er å avvise risiko og at tilsette ikkje har behov for skjerming. Dette tek ikkje omsyn til at tilsette har ulike føresetnader for å fungera optimalt i arbeidet.
- Saknar risikobilde for reduksjon av produktivitet. Korleis skal leiinga følgja med på og fange opp negative endringar i denne retninga? Dersom tilsette opplever reduksjon av produktivitet vil dette kunne gi stress.
- Ønskje om å legge inn informasjon i rapporten om at ein av medlemene i brukarutvalet trakk seg frå arbeidet.
- Viser til punkt om «interiørkonsept og den detaljerte interiørløysninga i tilsettsonen vart forankra hos tillitsvalde (s.9)». Stiller spørsmål om bruk av omgrepet forankra. Ønskje om at det bert endra til «presentert» i tråd med faktisk hending.
- Viser til prosess vidare og punkt om «redusere omfanget av papir, bøker og materiell ved å kaste, dele, digitalisere osv. (s.12)». Reagerer på bruken av «kasta» utifrå eitt miljøperspektiv, kva med å donera til velgjerande føremål det som kan ha verdi for andre?
- Stiller spørsmål om mest kritiske risikoar, for nokon av tiltaka er det uklar kven som har ansvar for å setta i gang og gjennomføre tiltaket. T.d. «følgje opp ovanfor IT-avdelinga». Kven følgjer opp og kvar skal tilsette melda frå om t.d. ustabil nett?

Vindenes viser til at det er gode innspel som kjem og verdifulle tilbakemeldingar han kan ta med vidare. Han er einig i punktet om berekraft, og vil sjå på dette punktet vidare.

Parat stiller spørsmål om leiarar med personalansvar som skal sitte i opent landskap og som sit med personsensitive opplysingar om sine tilsette. Kan ikkje ha AD-Hoc samtalar i landskap, men må booke eit kontor.

Vindenes viser til at multiromma også skal inkludere desse behova. Men ser bekymringa, prosjektet kan sjå på om leiars behov skal vurderast på ein anna måte.

Hovudverneombod er oppteken av leiarane i denne prosessen. Det er bra at dei får ansvar her, men kven skal følgje opp leiarane med ansvar og roller?

Vindenes svarer at det er viktig å få med leiarane i prosessen. Det er starta med etasjevise leiarforum for leiarane som skal inn i k2. Her får dei meir leiaransvar og informasjon frå prosjektet. Det er viktig at leiarane forstår prosessen og tek eigarskap til bygget, dei må vere gode rollemodellar for sine tilsette.

NTL er samd med at det blir ein ekstra belastning for leiarane, det er det viktig å vere tydeleg på, då det kjem på toppen av alt anna. Viser her til risikopunkt 72 «leiarar er ikkje tett nok på eigne tilsette», til tiltakspunktet her kan NTL skrive under på at fjernleiing ikkje fungerer optimalt.

FF viser til at det har komme inn mange gode innspel. Vil understreke at det er mykje opp til leiarane i risikovurderingane som er lagt ved. Som Vindenes understrekar er det ein stor risiko ved at tilsette og leiarar skal endre åtferd, det er ikkje enkelt.

- **Tildeling av arbeidsplassar ved campus Bergen**

Karl Henrik Svensson innleia kort. Ønskjer tilbakemeldingar og spørsmål på rapporten om tildeling av arbeidsplassar ved campus Bergen som er sendt til tillitsvalde.

FF stiller spørsmål om det var dissens i gruppa.

Svensson svarar at innspel frå arbeidsgruppa er forsøkt inkorporert i rapporten. Har ikkje fått tilbakemeldingar på at arbeidsgruppa ikkje har godkjend rapporten.

NTL stiller spørsmål om undersøkinga om kontorutnytting. Viser til fotnote 7 om at denne er omstridt. Ønskje om å få dette fram i samandraget. Viser samtidig til at tillitsvalde ikkje har fått tilsendt denne rapporten frå denne undersøkinga.

Svensson viser til at hovudargumentet i rapporten ikkje kviler på funna i undersøkinga, det er ein fotnote.

Akademikerne stiller spørsmål om metodeval og prosentvis tal for FIN og FLKI i Fabrikkgaten.

Svensson svarer at fordeling av arbeidsplassar i bygga ein har tilgjengeleg. Det har vore viktig for arbeidsgruppa at det skulle fordelast høveleg, men at ein ikkje får ein helt 50/50 løysing. Ein har vurdert fordeling av arbeidsplassar på tvers av fakultet og bygg.

Akademikerne viser til at de er skeptisk til fordeling av arbeidsplassar ved FIN.

Akademikerne viser til at det er mange dobbeltrom i O bygget, er desse vurdert som landskap eller cellekontor?

Hovudverneombod viser til rammene for heile Kronstad, det er liten moglegheit for å ekspandere og viser til at det er fleire som no skal jobbe i landskap.

Svensson viser til at ein skal skalere ned landskaps plassane i k1, for å få gode arbeidsplassar. Rapporten prøver å få fram korleis ein skal handtere vidare vekst i dei lokala ein har i 2020, men har ikkje noko eintydig svar.

NTL viser til tidlegare lovnad om at 70% av tilsette på Kronstad skal ha cellekontor. No er det 50% og av administrative sit 80% i landskap, det er viktig å få fram risikoen ved dette her.

Akademikerne ønskjer at det skal komme fram at det er fakulteta som har ansvar, og det må komme inn at tilsette ikkje skal kunne behalde kontor, men at ein kan rullere. Viser til arbeidsplasstildeling på Bragebygget i Sogndal.

FF er oppteken av at når arbeidsplassar skal tildelast på fakulteta, skal det drøftast med partane der. Det er viktig for å få fagmiljøa og dei tilsette inkludert.

FF stiller spørsmål om tiltak der dei tilsette ikkje vert tilbydd fast plass.

Svensson viser at dei ikkje har erfaring med arbeidsplassdeling og korleis det vil slå ut. Kor mykje ein sparar miljøet med deling er noko som må evaluerast. Det er viktig å få informasjon frå miljøa og få meir kunnskap om arbeidsplassdeling, det treng organisasjonen også.

Svensson orienterer om vidare prosess. Nokon av fakulteta har alt starta arbeidet med innplassering/tildeling av arbeidsplassar. Det har vore allmøte i K1 og i Møllendalsveien for å orientere dei tilsette, då det er viktig å kome ut med informasjon og informerer fagmiljøa godt. Deadline for kontor plassering er sett til april for å kunne starte flytteprosessen tidleg nok. FLKI har sett i gang prosessen ut mot institutta, FIN og FØS har starta på fakultetsnivå og FHS vil starte snart.

UDF viser til prosess på FLKI med store einingar, og ingen medverknad på institutt slik tilpassingsavtalen no er lagt. Det er ønskeleg med representasjon på instituttnivå. Vanskeleg å vurdere alt dette på fakultetsnivå. Ønskjer at prosjektet oppmodar dekanane om å inkludere tillitsvalde på instituttnivå.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.*